19-March-2015

**Fylkesmannen i Hordaland**

Sakshandsamar, innvalstelefon
Grethe Høyland, 55 57 22 09

KOPI

Vår dato
16.03.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2006/2236 731.2
Dykkar referanse

LINDÅS KOMMUNE
Klassering
19. 03. 2015
Ark. saksnr 14/3294
Løpenr
Saksh.
Tilgangskode

Nordhordaland legevakt
Kvassnesvegen 48
5914 Isdalstø

**Tildeling av midlar for 2015 - kurs i akuttmedisin for turnuslegar - statsbudsjettet 2015, kap 783.21**

Fylkesmannen takkar for godt samarbeid om kurs i akuttmedisin for turnuslegar. Nordhordland legevakt har på vegne at Fylkesmannen i Hordaland ansvaret for organisering og gjennomføring av kurstilbodet i Hordaland.

Nordhordland legevakt har i e-post av 19. februar 2015 sendt over rekneskap og rapport for 2014 og budsjett for 2015. Fylkesmannen har ingen merknader til desse.

Helsedirektoratet har i fullmaktsbrev for 2015 sett av midlar til turnusteneste – kurs og rettleiing. For 2015 har Nordhordland legevakt utarbeidd eit budsjett på kr. 340.000 for kurs i akuttmedisin for turnuslegar. På bakgrunn av fleire turnuslegar dei siste åra er kostnadene med kursa auka. Fylkesmannen vil difor overføre **kr. 340.000** til Nordhordland legevakt for gjennomføring av kurset.

Midlane blir overførte til kontonummer 6529 05 06926, prosjektnummer H-317.

Regnskap og rapport om bruken av midlane for 2015 må sendast til Fylkesmannen i Hordaland innan utgangen av februar 2016.

Med helsing

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Grethe Høyland
førstekonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:
Lindås kommune Kvassnesvegen 48 5914 ISDALSTØ